



Boks 23, 4368 Varhaug
Org. no.:970179275
T: 51 43 04 01
vil.no

REFERAT

Dato: 20.06.2024

Agenda: Møte i handballstyret

Møteleiar: Ingunn Helen Reiestad

Referent: Reidunn Vasshus Reiestad

Tid:19.00-20.30

Sted: Møterom JSA

Deltakarar: Christopher Forsmo, Heine
-Knudsen, Silje Skretting

Fråverande: Siri Kvia, Dorthe Bø

01/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent

02/24: Gjennomgang av siste referat

Godkjent

03/24: Økonomi

Status er som sist. Det manglar framleis tal på inntektene i forbindelse med dugnadane til Rødspætte-cup. Påskeegg-dugnaden er heller ikkje ført på handballen, og faktura for scoringsklubben er ikkje sendt ut. Når desse inntektene er på plass vil ein ha eit meir reelt bilete av budsjettet.

14/24: Felles avslutning for aldersbestemte lag

Det er gjennomgåande gode tilbakemeldingar på arrangementet, og nokre forbetningsområder som me tek med oss til neste år. Dato er allereie sett, og markeringa vert fredag 2. mai kl. 17.30-19.00. Me ynskjer at trenere/støtteapparat rundt laga skal ta bilete i løpet av sesongen slik at me kan få laga ein film som syner aktivitetane som har vore. I år var me for seint ute, og fleire lag fekk ikkje levert inn.



16/24: Treningar aldersbestemt 2024-25

Det manglar trenar til J15 (2009-10) og G13 (2011). Heine tek kontakt med aktuelle kandidatar.

17/24: Treningar senior 2024-25

Jakob Marthinsen har signert som trener for dame B og juniorjentene, og det er god kontroll her.

08/24: Samarbeidsavtale med Nærbø 2024-25

Framleis ikkje kome avklaringar rundt korleis samarbeidet vert neste sesong. Ingunn Helen og Heine skal i nytt møte med Nærbø I.L. førstkomande måndag.

18/24: Treningstider 2024-25

For mykje uavklart rundt ein del lag til at ein kan lande denne kabalen før sommaren.

19/24: Dugadar

Handballen skal stille med 45 vakter til JTR-cup. Lag frå og med J/G13 og opp til senior dame og herre skal skaffe desse. Styret stiller med pizza etter trening til det laget som stiller med flest vakter.

20/24: Fotografering i haust

Blir tatt opp på trener/oppmannsmøte til hausten. Problemstillingar som organisering og kjøpepress vert bemerkta.

21/24: Turnering aldersbestemte lag våren 2025

Det vert Hummelcup 25.-27. April. Quart-cup kolliderer med konfirmasjonshelga på Varhaug, og der derfor uaktuell denne sesongen. Lag frå g/j 13 og opp har moglegheit til å reise på Rødspætte-cup i påsken.

12/24: Diverse

- Nedfellbare tribunar til Varhaughallen vert bestilt inn på måndag.



- Det vil bli laga eit årshjul for aktivitetar i handballen for sesongen 2024-25.
Reidunn sett opp eit forslag til neste styremøte

